



## Super-G på Harpefossen


**ALPINT:** Det er klart for KM super-G og Storeggerrennet i super-G på Harpefossen laurdag og søndag. Renne er opne for alle frå ti år og eldre. Arrangørane Haugen IL lagar ei opa storslalåmløype for utøvarar under ti år etter at renne er over begge dagar.

## Krinsrenn på Harpefossen

**SKISKYTING:** Komande søndag står Stårheim IL og Heggjabygda IL som arrangørar for krinsrenn i sprint på Harpefossen. Laurdag går det krinsrenn i normaldistanse på Ullsheim, med Hardbagg IL som arrangørar. Det er også klart at KM i Sunnylvn 21. februar blir sprint og ikkje stafett som tidlegare oppsett.

## Eid møter Sandane

**FOTBALL:** Eid spelar treningskamp borte mot Sandane komande søndag. Sandane rykte opp til 3. divisjon i fjor. Tidlegare i år har Eid spelt tre treningskamper. Det blei tap 0-4 mot 2. divisjonslaget Hødd, siger 5-1 mot Fjøra og tap 1-3 mot Stryn.



Heilt sidan opninga av Eid Idrettspark for fem år sidan, har timeplanen vore fullteikna. – Vi har ikkje løfta ein finger for å få fylt idrettsparken med aktivitet. Det har vore fullbooka frå fire om ettermiddagen til ti om kvelden, måndag til fredag, seier styreleiar i Eid Idrettspark, Oddvar Os.

### Stor aktivitetsuake

Eid Idrettspark er ein av svært få utandørsanlegg for fotball i distriktet, der baneforholda er perfekte uansett kor kaldt det er i lufta.

– Dette har ført til ein valdsam auke i aktiviteten i vinterhalvåret. Fotball har for lengst blitt ein heilårsidrett, og her i Eid har vi dei aller beste forholda ein kan tenkje seg, seier Os.

# Grønn oase i sprengkulda

**FOTBALL:** Uansett kor mange minusgrader gradestokken viser, held kunstgrasbana Eid Idrettspark seg like grønn og fin midt i skuleområdet i sentrum.

Det spesielle med Eid Idrettspark er at bana blir oppvarma av sjøvatn. Vatnet blir henta frå 50 meters djupn i Eidsfjorden, og frakta i rør under banedekket. Sjøvatnet blir ikkje varma opp, men går i sin naturlege temperatur i eit nett av tynne rør.

– Under bana ligg det faktisk tre mil med rør i tette slynger. Vi har fått testa systemet i lange periodar med sprengkulde, og det fungerer perfekt. Bana held seg grønn og mjuk utelukkande ved hjelp av sjøvatnet, fortel Os.

### Alt på dugnad

I helgane blir bana brukt til treningsamlingar og kamper. Sogn og Fjordane Fotballkrets er ein stor leigetakar med sine krets- og sonelag. Også andre klubbar i dis-

triktet tar ofte turen til Nordfjordeid for å spele på ei bane som er like god uansett årstid.

– Alt arbeidet som blir gjort rundt idrettsparken er rein dugnad. Derfor kunne vi sikkert hatt større inntekter gjennom utleige om vi hadde hatt lønna tilsette, seier Oddvar Os.

### Kommunen viktigaste støttespelar

Den totale kostnaden med å bygge Eid Idrettspark kom på rundt åtte millionar kroner. Eid kommune støtta prosjektet med tre millionar kroner, ein fekk 350.000 kroner i såkalla «ølpengar» frå Eid ølutsal og 140.000 kroner i støtte frå Sparebanken Vest. I tillegg kjem verdien av alt dugnadsarbeidet som blei gjort under bygginga. I og



### 15 lag i miniturnering

**HANDBALL:** Komande søndag er det minihandballturnering for 8/9-åringar i Firdahallen på Sandane, og 15 lag frå Eid kommune er påmelde. Best representert er Haugen med heile seks lag. Andre lokale klubbar i turneringa er Eid, Stårheim og Kjølisdalen.

### Tredje kommunecup

**LANGRENN:** Komande tysdag går det tredje av i alt fire renn i kommunecupen. Denne gongen går rennet på Harpefossen, med Stårheim IL som arrangør. På dei to første renna i den lokale langrennscupen var det over 100 deltakarar.

### To på landsdelsmønstring

**SYMJING:** Elisabeth Vindfjell (1998) og Marius Bjørke (1995) er Eid symjeklubb sine deltakarar på årsklassemønstringa for Vestlandet i Stavanger denne helga. Det blir arrangert årsklassemønstringar på fem ulike stader i landet: Nord: Setermoen - Midt: Namsos - Vest: Stavanger - Sør: Mandal - Øst: Sarpsborg. Dette er direkte kvalifisering til nasjonal årsklassemønstring i Oslo 16.-18. april.



Turn- og trampettgruppa i Eid IL er ein av dei største brukarane av idrettshallen.



Mange familiar nyttar seg av tilbodet om offentleg bading i symjehallen.

med at aktiviteten er så stor, og at det faktisk er stort press frå lag og grupper for å få meir treningstid, skulle ein tru at pengane strøymer inn til lutlaget Eid Idrettspark. - He, he. Slik er det nok ikkje. Det har tvert imot vore tøft økonomisk heile vegen. Vi har dyre lån å betale avdrag på, og hadde aldri kunne realisert dette prosjektet utan støtte frå kommunen. Men til sommaren kjem dei siste tippemidlane, og då skal vi vere over den verskte kneiken, seier Oddvar Os.

#### Folkehelse

Fotballen står i eigen klasse når det gjeld tal aktive, uansett kva aktivitet ein samanliknar med. Berre fotballgruppa i Eid IL, den fjerde største i fylket, har rundt 500 medlemmer. I tillegg kjem fotball-

*Eid Idrettspark ligg midt i skuleområdet i sentrum, der ein også finn Eid Idrettshus og Operahuset Nordfjord. Styreleiar i Eid Idrettspark, Oddvar Os, kan konstatere at bana held topp kvalitet trass i sprengkulda.*

gruppene frå Haugen og Heia, som er faste brukarar av idrettsparken. - Når det gjeld området kultur og idrett er det ingen tvil om at Eid Idrettspark er den beste investeringa som er gjort, viss ein måler nytte opp mot kostnad. Ein kan berre tenkje seg kva aktiviteten har å seie i eit folkehelseperspektiv, seier Os.

## Populære hallidrettar

**IDRETT:** Frå tidleg morgon til sein kveld er Eid Idrettshus fylt av folk i alle aldrar som driv med eit breitt spekter av aktivitetar.

På dagtid er det skulane i Eid kommune som brukar idrettshall og symjehall. På kveldstid er det lag og organisasjonar og private, som nyttar seg av bygget. Av

hallidrettane legg handballen beslag på klart flest timar, med turngruppa som nest største brukar. Idrettsskule, volleyball, drill og KRIK er andre som nyttar seg av idrettshallen på kveldstid.

#### Offentleg bading

I symjehallen har Eid SK si faste treningsarena. 25-metersbasenget er også ope for publikum tysdag, torsdag og fredag frå fem

til ni om kvelden. Tordagar frå åtte til ni om kvelden er symjehallen reservert for damer. Laurdagar kan også publikum nytte seg av symjehallen frå klokka eitt til fem om ettermiddagen.

**YNGVE TOLAAS**  
yngve.tolaas@fjordabladet.no  
Direkte telefon: 57 88 53 16